

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Oslo, 24. mai 2006

**Ad: Høyringsbrev – Utkast til endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentlig teneste. Dykkar ref. 2006/03495 KU/KU3 IE: kdp. 18.04.2006**

Framlegg til svar:

Riksteatret har ingen generelle kommentarar til endringar i forskrifta, eller til at forskrifter blir tekne i bruk med omsyn til prosentvis fordeling, anna enn at vi held oss til dei reglane som vi allereie følgjer i det oversynet over verksemda som vi sender i eige skjema til Språkrådet 10. februar kvart år.

Vi viser elles til Språkrådets ref.: Språkrådet/200500148-6 SIG 3. mai 2006, der Riksteatret blir fortalt at vi gjer eit godt arbeid for å oppfylle krava i mållova, og at Språkrådet har full tillit til at Riksteatret held seg til reglane også i år som kjem. Vi vil halde fram med å sende rapportskjema, gjerne slik Språkrådet føreslår at det blir endra frå 2006. Vi er i gang med å innarbeide ein eigen instruks for teatret om språkbruken.

Vi vil gjerne opplyse at Riksteatret har professor Dag Gundersen (tidl. UiO) som språkkonsulent og omsetjar av materiell til nynorsk slik rutinen er etter tidlegare avtaler med Språkrådet.

Når det gjeld teaterframsyningar, er det den kunstnarlege kvaliteten i framsyninga som skal telje – ved sida av om det er praktisk mogleg å sende ho ut – anten ho blir spela på bokmål, nynorsk eller dialekt. Materiell til framsyningar på nynorsk eller dialekt nær nynorsk blir produsert på nynorsk og vice versa på bokmål.

Mvh

Steinar Vestli  
informasjonskonsulent  
Riksteatret